



Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar

Helene Medhus Skedsmo, 51568821

Uttale - offentlig ettersyn - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbod fritidsbustader 10/1, 11/1, 12/79 m.fl. Svandal

Me syner til høringsbrev av 31.03.2023 for områderegulering for Svandal med høringsfrist 23.05.2023.

Områdeplan for Svandal er ein omfattande plan for vidare utvikling av skidestinasjonen med tilhøyrande fritidsbustader og service- og aktivitetstilbod. Statsforvaltaren fremmer motsegn til anlegg for stasjonsbygg og bevertning, gondol, zipline og turveg til Ramnafjellnuten. Vidare har me fleire faglege råd me rår kommunen til å innarbeide i vidare arbeid med planen, mellom anna knytt til omsynet til landbruksnæringa, omsynet til myr, overvatn, vatn- og avløp, fare/skred, massehandtering mv.

Saka gjeld

Det er utarbeidd områdeplan for utvikling av aktivitet- og servicetilbod og fritidsbustader i Svandal. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for vidareutvikling i området ved Sauda skisenter, blant anna med etablering av gondolbanar, med sikte på å skapa meir heilårsaktivitet, samt utvikling av destinasjon med fritidsbusetnad, utleieeiningar, næring- og servicetilbod. Planen skal sikra samanhengande ski-/turløypenett gjennom planområdet.

Av planskildringa går det på s. 28-29 fram at planen legg til rette for følgjande tiltak:

1. «Velkomstområdet - Botnstasjon for gondolheis, kollektivstopp, utviding av parkering og tilrettelegging for drop-off-sone for personbilar samt næringsbusetnad i dagens service-område/Velkomstområde, inkludert tilpassingar i eksisterande reguleringsplan for 12/79.
2. Ny gondolheis frå nedste del av eksisterande alpinanlegg opp til Djuvsbotn.
3. Ny gondolheis frå Djuvsbotn til Ravnafjell.
4. Stølshaugen - Felles stasjonsbygg i Djuvsbotn for dei to gondolheisane, med opning for å etablere tilhøyrande servicefunksjonar og overnatting for utleige.
5. Ravnafjell - Stasjonsbygg med moglegheit for servicefunksjon/servering på Ravnafjell.
6. 3 nye «ordinere» skiheisar frå Djuvsbotn til omkringliggande høgdedrag.
7. Fleire samanhengande ski, tur- og sykkelløyper gjennom planområdet.
8. Zipline-trase frå Ravnafjell til Djuvsbotn, og frå Djuvsbotn ned til Velkomstområde.



9. H9 - Busetnad i form av fritidsbustadar og utleigeeiningar langs nordvestsida av dagens skitrekk.
10. Fortetting innanfor eksisterande hyttefelt i Djuvsbotn.
11. Byggeområde H1 i kommuneplanen avsett til byggeområde for fritidsbustad er i planforslaget føreslått lagt tilbake til LNF-føremål».

Planområdet er på totalt 5747 dekar. Det blir lagt til rette for om lag 500 nye fritidsbustader, inkludert 70 som er regulert i tidlegare reguleringsplanar. Om lag 80-100 av fritidsbustadene skal vere utleigeeiningar, kor desse i hovudsak er lokalisert i området omtala H9 i kommuneplanen og området rundt stasjonsbygg i Djuvsbotn. Det blir lagt opp til fleire fritidsbustader i områdeplan enn det gjeldande kommuneplan for Sauda 2019-2031 legg opp til i Svandal (sum hytter 250, jf. tabell s. 11 i areal-delen). Det er opna for etablering av ein butikk på 200 m² innanfor anten BAA1 eller BAA2.

Planarbeidet blei vurdert til å løyse ut krav om konsekvensutgreiing (KU), jf. forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg II pkt. 12 bokstav a). om tilrettelegging for skianlegg med tilhøyrande funksjonar. Det er laga KU for tema klima og naturmangfald, villrein, landskap og friluftsliv. Det er vidare gjort kartlegging av naturmangfald i delar av planområdet, mellom anna der det er planlagt nye trasear for skitrekk, gondol og/eller anna utbyggingsføremål.

Frå kommunen si behandling av planforslaget når det blei lagt ut til offentleg ettersyn og send på høyring, vedtok eit samstemd Utval for samfunnsutvikling i sak 024/2023 at følgjande føresetnader må leggjast til grunn for det vidare planarbeidet:

- «Delfeltene BAA1 og BAA2 samt P1 og P2 må detaljeres og illustreres i tråd med maksimal utbygging som foreslås.
- Det må avklares om camping skal skje utenom vintersesong, etter åpning av gondol trinn 2, slik bestemmelse § 4.2.8 a) åpner for.
- Krav om lademulighet iht KPA må følges opp i planforslaget.
- Før planforslaget kan 2.gangs behandles skal det foreligge gjennomførbare helhetlige løsninger for vann, avløp og slokkevann.
- Det skal utarbeides et kunnskapsgrunnlag for overvann, og eventuelt plan for håndtering av overvann hvis det avdekkes behov.
- Eierform på turløyper må drøftes og avklares.
- Videre drøfting av utbedring av Djuvsbotnvegen.
- Rekkefølgekrav må revideres/suppleres, jf. saksfremstilling.»

Områdeplanen har vore tema på regionalt planforum ved to høve, den 14.12.2021 og 21.09.2022.

Statsforvaltaren sine merknader

Ut frå dei sektorinteressene Statsforvaltaren er sett til å ivareta etter plan- og bygningslova har me følgjande merknader til planforslaget:

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga for klima og naturmangfald, inkludert villrein, syner at planforslaget får stor negativ konsekvens for naturmangfald. For villrein er konsekvensen vurdert til å bli middels negativ, under føresetnad av at villrein blir sett ut eller reetablert i området. KU for landskap syner at planforslaget får noko negativ konsekvens, i hovudsak grunna omfangsrike installasjonar som følge av gondol og tilhøyrande master, samt inngrep i høgareliggende område med lite inngrep frå før. For KU for friluftsliv er konklusjonen at planforslaget får stor positiv konsekvens av di det blir tilrettelagt for vidareutvikling av eit allereie tilrettelagt friluftsområde med stor verdi.



Konsekvensutgreiinga har vurdert to alternativ, 0-alternativet og full utbygging slik planforslaget er fremma. Me saknar at det er gjort ei vurdering av eit moderert alternativ, som eitt utan gondol/ zipline til Ramnafjell og andre tiltak som legg til rett for ferdsel inn i det området Statsforvaltaren tydeleg gjennom oppstartsvarsel og planforum har signalisert er det mest konfliktfulle tiltaket, som i større grad ville teke omsyn til dei viktige naturverdiene vest i planområdet.


Planframstilling, vidare plankrav og byggesak, hyttestorleik mv.

Det er ein omfattande områdeplan, både i storleik, omfang av tiltak og sjølve plandokumentet med tilhøyrande vedlegg.

Planen har ei tredelt tilnærming til detaljeringsgrad og vidare utbygging. Dei mest konsentrerte områda rundt Velkomstområdet er vurdert å vere tilstrekkeleg detaljert for å gå rett på byggesak. Det er eitt delfelt med krav om vidare detaljregulering/plankrav (vestlegaste del av området kalla H9 i kommuneplanen). Vidare er det for nokre delfelt krav om situasjonsplan, mellom anna «midtre del» av H9 (FBF55-FBF57) og fortetting i eksisterande hyttefelt i Djuvsbotn (FB3-FB29). Nokre eksisterande hytter (FBF1-FBF2 og FBF30-37) er gitt egne føresegner i § 4.1.2.

Sauda kommune syner sjølv til i saksframstillinga at det for område med krav om utomhusplan/ situasjonsplan (FBF55-FBF57) kan komme behov for å avklare planmessige tilhøve i byggesak.


Velkomstområde og nordlegaste del av H9




Utsnitt planforslag, område rundt Velkomstområdet (direkte til byggesak) og nordre del av H9 (krav om situasjonsplan) lengst til venstre i kartutsnittet)



H9 – høgastliggande del og Djuvsbotn



Her er sett krav om vidare detaljregulering



Figur 79 frå planskildringa, illustrasjonsplan for prinsipp for tomte-inndeling og plassering av bygg i eksisterande hyttefelt i Djuvsbotn

Av kommuneplanen sin arealdel for Sauda 2019-2031 (vedteken i 2020, revidert 2022) er Svandal-området i strategi for fritidsbustader definert som «Landsby» der det blir tilrettelagt for «store fritidsbustader på inntil 150 m² BRA, tilknytt veg, vatn, avløp og fiber», jf. s. 10. Som nemnd tidlegare legg kommuneplanen opp til sum hytter i Svandal på 250. No har planforslaget lagt opp til totalt 500 hytter. Det er altså lagt opp til høgare utnytting og tal fritidsbustader enn det kommuneplanen legg opp til, særleg innanfor H9. Kommunedirektøren har ingen innvendingar til dette, grunna val av bygningstypologi, terrengtilhøve og at det er eit mål med høg utnytting i dette området.

Det har vore ei forståing om at Svandal skal byggast opp med tett utbygging. I føresegn § 7.3 er det sett inn rekkefølge på utbygginga i ei trinnvis utbygging, slik det har vore signalisert krav om frå statleg og regionale styresmakter. Utbygginga er delt inn i fem trinn, der områda skal byggast ut trinnvis frå nord mot sør. Den sørlegaste og høgastliggande delen av H9 er det eige plankrav til. I føresegna er det tatt inn krav om at det må dokumenterast at minimum 70 % i føregåande trinn er utbygd før det kan søkast om tiltak i neste trinn. Dette er etter vår vurdering ei fornuftig tilnærming til å styre rekkefølga av eit område som skal byggast ut over lengre tid.

Etter det me kan sjå er føringane for hyttestorleik følgd opp kva gjeld frittliggande fritidsbustader. Områda rundt Velkomstområdet og ved Djuvsbotn er regulert til kombinert føremål og ei meir konsentrert utnytting med utleigeiningar (BAA6) og konsentrert busetnad i BAA8-BAA21, kor av BAA8 og BAA10 er leilegheitsbygg. Felt BAA22-BAA38 er også meir konsentrert utbygging av fritidsbustader og turist- og fritidsføremål (utleigeiningar) med inntil 125 m² BYA.

Kommunedirektøren har vurdert at planforslaget tek i vare føringane gitt i kommuneplanen sin arealdel når det gjeld parkering.

Det er positivt at det i dei høgast utnytta områda blir regulert inn areal for felles uteopphald og leikeplassar, som gir grunnlag for sosiale møteplassar for ferierande og besøkande i området.



Naturmangfald, konsekvensutgreiing

Ved Ramnafjellnuten er det i stor grad urørt natur med få fysiske inngrep og ekstensivt beitepress. Området heng saman med eit større fjellheiområde i vest, som i stor grad er fri for tekniske inngrep. Tiltaket sin karakter, jf. KU, er av ein slik art at det vil medføre både direkte beslag, men også indirekte forstyrningar ved at hensikta er auka ferdsel i område der dagens påverknadsgrad er lågare dess høgare i terrenget ein kjem. I dei øvre områda er det gjort registreringar av fjellhei og snøleiar, og under dette blei det funne førekomstar av boreal hei.

Søkeområdet er på om lag 1960 dekar, og naturtypekartlegginga og vegetasjonsvurderinga er gitt 1 dag, 8. september 2022 jf. KU rapport. Det kan vere tilstrekkeleg i høve til naturtypar om det er gode tilhøve, gjort godt forarbeid og er enkle natursystem. Derimot å søke over eit slikt areal etter raudlista artar kan vere i snauaste laget. Det er ikkje nemnt noko om det er gjort differensiert søk. Ut ifrå rapporten har det tilsynelatande vore fokus på karplantar. Andre artsgrupper som lav og mosar er ikkje nemnt anna enn til hovudgrupper. Ei differensiering av søk etter raudlista artar eller ansvarsartar er ikkje nemnt som ein del av usikkerheita ved KU-arbeidet, dvs. kartlegginga eller vurderingar av lokalitetskvalitet.

Rapporten har nemnd avgrensing mellom ulike naturtypar som ein usikkerheit i kartlegginga, og i samband med det skriv Rådgjevande Biologar AS at ei justering i avgrensinga mellom naturtypene vil ha mindre betydning for konsekvensvurderinga, då begge naturtypene har raudlistestatus. Ein slik vurdering manglar heilt med omsyn til artsobservasjonar, og særleg i høve til artsgrupper som kanskje ikkje er kartlagd.

Til dømes for snøleiet «Ramnafjellnuten sørøst» er det ikkje registrert raudlista artar, jf. faktaark. Derimot er det fleire raudlista moseartar som er aktuelle å finne i slike habitat, jf. Artsdatabanken. Dersom ein finn ein sårbar (VU) raudlista art, t.d. *Andreaea blyttii*, som ein kan forventa å finne i området, så vil det endre lokalitetskvaliteten til figuren og eventuelt konsekvensvurderinga. Det blir difor problematisk at det ikkje er gjort betre undersøkingar, eller er meir spesifikke omtale av kva som er undersøkt. Det er viktig at det i ein KU blir spesifisert kva som er undersøkt. Det er ikkje å forventa at alle er spesialistar på alt, men det må inkluderast kva som er undersøkt og korleis dette skapar usikkerheit for vurderingane av konsekvensar. Det betyr at for denne figuren så må me ha ei forståing av at lokalitetsvurderinga må tolkast som minst «moderat lokalitetskvalitet», og at dette må synleggjerast i vurderingane av konsekvensane.

Tilsvarende vil «Mot Ramnafjellnuten» som kalkfattig og intermediaær fjellhei, leside og tundra, jf. fakta-ark, også få endra status om ein finn ein raudlista art, sjølv nærtruga artar vil gjere utslag. Da må ein vurdere i kva grad manglande vurderingar av artsgrupper kan påverke resultatene. Me merker at for denne naturtypen er det avvik mellom tilstandsvurderinga i faktaarket og tilstandsvurderinga slik den er omtalt i KU-rapporten. Me tenkjer at området bør vurderast til stor verdi slik KU-rapporten argumenterer for.

Under tilgrensande fjellheiområda er det registrert boreal hei. Dette er hei-vegetasjon under tregrensa som vert heldt open med ekstensivt beite. For denne figuren er naturmangfaldet vurdert som lite, jf. KU, og moderat, jf. faktaark. Rådgjevande Biologar si vurdering er basert på manglande funn av raudlista artar, lite areal og få kartleggingseiningar. Arealet oppmålt er 556 760 m², jf. faktaark. Det er i tillegg registrert to kartleggingseiningar, og ingen raudlista artar er nemnd. Å plassere naturtypen som «moderat» er korrekt om ein vurderer planavgrensinga som avgrensing for naturtypen. Om ein vurderer flyfoto og ser på strukturar både innafor avgrensa areal og utanfor planområdet, så er det openbart at naturtypen naturleg strekk seg utover planavgrensinga. Det er ikkje urimeleg å anta at naturtypen si utbreiing kan vere dobbelt så stor mot søraust i influens- og



planområdet. Denne usikkerheita er ikkje nemnd i KU, og kva konsekvens ei slik usikkerheit får for konsekvensvurderingane er ikkje drøfta. I samband med fjellheia så syner KU-en til samanhengande areal med naturtypen på utsida, men ei slik vurdering manglar for boreal hei. Det er klart at det vil kunne medføre endringar i verdivurderinga.

Boreal hei, fjellhei og snøleier er naturtypar som er svært sårbare for inngrep. Snøleier har ofte eit tynt jorddekke, og marklaget kan vere ustabil, slik at sjølv liten ferdsel vil kunne medføre slitasjeskader. Snøleier er vegetasjon som toler at snø blir liggande lenge utover sommaren, dermed er vekstsesongen relativt kort. Med ein kombinasjon av kort vekstsesong og slitesvakt vegetasjonsdekke vil eit snøleie vere utsett for slitasjeskader sommarstid. Det betyr at dei områda som er inkludert i planområdet er svært utsett for både direkte og indirekte negativ påverknad frå tiltaket. Dette er naturtypar som i dag er raudlista og er under sterkt press frå mellom anna utbygging av hyttefelt og tiltak som fremmer ferdsel. Ein gondolheis vil medføre ei heilårsdrift til området, og det opnar for at areal innover heia blir lettare tilgjengeleg for ferdsel, i tillegg så er det planlagt taubane (zipline) og gang- og sykkeltrase ned frå Ramnafjellnuten. I tillegg til å påverke naturverdiane, så vil det medføre ei endring i landskapet, med drastiske endringar i vegetasjonen i skiløypetraseane.

Det høgareliggende platåområdet er eit villreinområde (Skaulen-Etnefjell). Villrein er ein raudlista norsk ansvarsart, og det er eit pågåande arbeid og stort fokus på å sikre leveområda og bestandane. Utviding av anlegg opp i fjellheia vil både direkte og indirekte fortrenge villrein i området. Me ser med særleg stor bekymring på indirekte konsekvensar som følger av at området i vesentleg større grad blir gjort tilgjengeleg, særleg i form av nyare aktivitetsformer, som til dømes kiting. Dei negative konsekvensane vil ikkje berre påverke villrein, men også anna sårbart fugle- og dyreliv på høgjellet, blant annet skoghøns.

I [rettleiar H-2528 Planlegging av fritidsbustader](#) (Kommunal- og distriktsdepartementet, september 2022) står det på s. 24:

«Leveområda til villreinen er ofte attraktive hytte- og friluftsområde. Villreinen blir både påverka av arealbeslag frå fritidsbustadane og av ferdsel og anna aktivitet som følgjer med bruken av fritidsbustadane. I område med villrein utgjer menneskeleg ferdsel frå hyttene, og tilrettelegging av vegar og stiar inn i høgfjellsområda, den største negative påverknaden på villreinstammane».

På s. 25 heiter det at «Ved planlegging av fritidsbustader bør følgjande prinsipp leggjast til grunn»:
«Unngå ny fritidsbusetnad som gjev negativ konsekvensar for villrein. »

Mindre delbestander av villrein kan bli av særleg stor betydning sett i lys av det pågåande sjukdomsbilete. Isolerte bestandar kan gå klar sjukdom og vere ein viktig genbank dersom sjukdom medfører at ein bestand dør ut og må reintroduserast. Villreinen har i dei seinare åra ikkje oppheldt seg i dette fjellområdet ettersom dei vandra nordover. Det viktigaste er likevel å sikre leve- og funksjonsområda slik at føresetnadene også i framtida er til stades for at bestanden skal kunne ta seg opp.


Me har ikkje oversikt over alle høringsinstansane planforslaget er send til. Me minner om at planer som rører ved villreinområde skal sendast på høyring til Villreinnemnda, jf. rettleiar for Planlegging av fritidsbustader s. 23, og at innspel frå dei skal vektleggast. Me har innspel til dei konkrete arealforslag under.

I konsekvensutgreiinga står følgjande i på side 15:



«I Artsdatabankens Artskart foreligger det få registrerte artsobservasjoner fra før. Av rødlistearter er det registrert gjøk, som er nær truet (NT), stær (NT), granmeis som er sårbar (VU), grønnfink (VU) og hare (NT). Av vanlige arter er det registrert laven *Lepraria neglecta*, lemen, sommerfuglene lyngmåler og admiral og fuglen tårnfalk.»

På den allmenne lokaliteten «Svandalen» i artsobservasjoner er det registrert 73 fuglearter, av disse er 11 raudlista. Det finnes også to allment tilgjengelige underlokaliteter i sjølve planområdet. Disse er «Svandalen skisenter, Svandalen» og «Gjuvsbotn, Svandalen». Det er registrert, respektivt, 14 og 11 fuglearter på disse underlokalitetene. Me stiller oss difor noko uforståande til at dette ikkje er fanga opp, og at det berre er tårnfalk som spesifikt er nemnd blant dei ikkje-raudlista artene.



Svandalen superlokaliet med tilhørende underlokaliteter (kjelde: Artsobservasjoner.no)


Observasjonar lagt inn på Svandalen er i utgangspunktet alle relevante observasjonar. Med mindre dei er rapportert på underlokaliteter utanfor planområdet bør dei vurderast spesifikt i planarbeidet. Observasjonane fortel mykje om kva arter ein kan forvente i område med dei økologiske høva på staden. På bakgrunn av utforminga til planområdet er me likevel samd i at artar som myrrikke (EN), vipe (CR), heilo (NT), gresshoppesangar (NT), og taksvale (NT) berre er delvis relevante, fordi dei er observert i Lindvollsmyra naturreservat, som har naturverdiar som skil seg klart ut frå andre område i Svandalen.

Kartlegginga viser at Svandalen innehar verdiar for fugl, hovudsakeleg vanlege arter, men også fuglar som gjøk, granmeis og grønnfink blir vurdert til å kunne bli negativt råka, hovudsakleg som følge av tap av areal.



Utbygging av området vil vere ein del av bit-for-bit øydelegging av natur, og bør i så fall gjerast i områder med minst skade, jf. tiltakshierarkiet. I dei lågtliggende områda er det mellom anna viktig å unngå inngrep i myr og elver som er døme på høgproduktive naturmiljø. Til dømes er det fleire fuglearter som er direkte tilknytt elver og bekker, slik som den fåtalige hekkefuglen vintererle, og ivaretaking av desse miljøa er sentralt.

I dei lågareliggende delane av planområdet finst fleire område med semi-naturleg eng (beite og slått) i varierende grad av hevd. Desse områda er ofte viktige areal for insekt og fugl som held til i kringliggende skog. I tillegg er det areal som kan inkludere artar frå samle-nemninga beitemarksopp. I denne gruppa er det fleire raudlista artar. Så langt me kan sjå er det ikkje gjort søk etter slike sopp. Det er ikkje drøfta i KU. Naturbeitemarkene har status som sårbar (VU), og det er eit viktig kultur-element i Svandalen. Det er få slike areal att, det er areal som kan opparbeidast og takast vare på for komande generasjonar med ganske enkle midlar. Me saknar avbøtande tiltak, eventuelle erstatningsareal som kan kompensere landskapsbilete og naturverdiane for dei naturbeitemarkene som går tapt i ei eventuell utbygging, jf. tiltakshierarkiet.



Kartutsnitt frå områdeplan

Me har **fagleg råd** om å justere utforminga av BA37, BA38 og tilhøyrande veg slik at det ikkje kjem i konflikt med naturtypen «ved Svandalselva», (NINFP2210100503 alvorleg miljøskade, jf. KU, jf. over). Det er tilhøyrande føresegn for H560_5 i § 5.2.1 som seier at H560_5 (m.fl.) «omfattar naturtypar med stor verdi. Naturverdiane innanfor sonene som planlagde tiltak ikkje rører ved skal bevarast og takast omsyn til». Sjølve ordlyden i denne føresegna er vag. Det bør ikkje opnast for tiltak inn i sonen. Me er klar over at det ligg ein vedteken plan 2009002 her, men gjennom arbeid med områdeplan og nytt kunnskapsgrunnlag er det kome fram ny informasjon om naturverdiane her som må takst omsyn til. I tillegg til å justere utforminga og skjerpe inn ordlyden i føresegna, må det også sikrast at det ved gjennomføring av utbygginga ikkje blir noko anleggsområde inn i omsynssonen for naturmiljø.

Skianlegg (ISA), gondol, ziplinetrase

Me syner til våre innspel under «Naturmangfald, konsekvensutgreiing» knytt til omsynet til naturtypar, villrein mv.

I øvre del av planområdet er samla belastning på økosystemet, naturtypar og truga artar ikkje foreinleg med å ta vare på naturverdiane. Dette er nasjonalt viktige naturverdiane. Med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdsle inn i eit vidare nesten urørd hei- og fjellområde med villreinomsyn, og at føreslått gondol, ziplinetrase og turveg TV9 opnar for meir heilårsbruk, fremmer Statsforvaltaren med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 (revidert februar 2021) kap. 3.6 **motsegn** mot gondoltrase #2, ziplinetrase #13, skianlegg ISA4 og ISA5 vest for Svandalselva, det vil seie alle tiltak over kote 700, der skiheis #5 sluttar.

Skaulen-Etnefjell villreinområde ligg i Suldal, Sauda og Etne kommunar i Rogaland og Vestland fylker. Det er 468 km² stort og består av to fjellområde. Natur- og klimatilhøve i området gir rike



sommarbeite og marginale vinterbeite¹. I kommunedelplanen frå 2008 låg det inne moglegheit for tiltak inn i villreinområdet. Sidan 2008 har det kome ny informasjon om villreinbestanden som mellom anna har ført til ei nedgradering på norsk raudsliste for artar i 2021 (frå livskraftig til nær trua). Villrein er avhengig av store, samanhengande fjellområde. Desse områda er under aukande press som følgje av arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda. Dei er fragmentert grunna utbygging av infrastruktur som bygging av veg, jernbane og vasskraft. Villrein er ein sky art som unngår å bruke område der menneske ferdist. Det er nå igangsett større arbeid nasjonalt for å betre tilhøva for villrein i Norge. Det blir arbeidd med ei Stortingsmelding og det er sett i gang arbeid med tiltaksplanar for nasjonale villreinområde. Dette etter at det vart gjennomført ei klassifisering (kvalitetsnorm for villrein). Det er planlagt klassifisering etter kvalitetsnormen av Skaulen-Etnefjell hausten 2023.

Som me skriv over så vil bygging av gondol og zip-line frakte folk inn i eit område som per i dag er lite nytta. Sjølv om området ikkje er mykje brukt av villrein no, så har det vært nytta tidlegare og slike randområde kan bli viktigare framover ved endra klima. Vidare er det å hindre ny fragmentering av leveområda for villrein viktig for å ta vare på bestanden. Jf. naturmangfaldlova § 9 så skal føre-var-prinsippet nyttast der det gjerast vedtak om tiltak som medfører risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

Føresegnsområde #5, #9, #10 og #3 er slik me forstår nye skiheisar/anlegg, Det ligg i vår samla vurdering av heile planforslaget, jf. motsegna over, å kunne akseptere desse nye tiltaka.


Føresegnsområde #4, #6 og #7 og skianlegg ISA8 er slik me kan sjå eksisterande skiheisar/anlegg. Det er litt vanskeleg å få tak på utforminga av områda for skianlegg, ISA1-ISA6, av di dette er påskrift i kartet utan noko avgrensing/felt. I tillegg har me til gode å finne ISA1 og ISA3 i plankartet, medan det er nokre område kalla ISA7 og ISA8, så me stiller spørsmål ved om det er skjedd ein kartteknisk feil/feilnummerering her?

Kombinererte føremål BAA6 og BAA7

BAA6 er kombinert føremål for stasjonsbygg, skianlegg og fritidsbustad for utleige i Djuvsbotn.

Her skal gondoltrase #1 frå velkomstområdet kome inn, og ziplinetrase #12 ned til Velkomstområdet gå frå. Det er i tillegg regulert inn areal for uteopphald UTE2 og UTE3 og kopling mot gondoltrase #2, ziplinetrase #13, skiheis #5, og TV9 som me har motsegn til, via føresegnsområde #11 og #17.

BAA6 er i sin heilskap plassert i eit område nå kartlagd som truga naturtype «Boreal hei» av høg kvalitet (NINFP2210100490), det er synt med lilla i kartutsnittet her. Det vil ikkje vere foreinleg å etablere dette anlegget og samstundes ivareta naturverdiane her.




Utsnitt frå områdeplan i området rundt Djuvsbotn stasjonsbygg

¹ Villrein.no. [Skaulen Etnefjell | Villrein](#) (henta 16.05.2023)



Me har etter ei samla vurdering, sett opp i mot ny kunnskap gjennom naturtypekartlegging og konsekvensutgreiing for naturmangfald og tidlegare vedtekne planar, kome til å kunne akseptere etablering av stasjonsbygg her i Djuvsbotn og skiheis #3 mot Botnanut og skiheis #5, #9 og #10, jf. over. Det vil innebere tap av viktig natur, men samla sett er det mindre konfliktfullt enn etablering av slike tiltak mot vest og opp mot Ramnafjellnuten.

BAA7 er regulert til kombinert føremål for stasjonsbygg og bevertning med maks BYA 600 m² på Ramnafjellnuten, med tilhøyrande funksjonar som lager, kontor, toalett/garderobe, jf. føresegn 4.1.12.5. Det går fram av planskildringa s. 38 at sidan teknisk infrastruktur i området er avgrensa i området, vil det vere tale om ei forenkla løysing når det gjeld kafé/bevertning, med til dømes transporterung av ferdig førebudd mat frå Djuvsbotn som blir frakta opp med gondolen.



BAA7 med tilhøyrande omsynssone H560_3 (sort omriss).
Naturtype i lilla.

BAA7 er planlagd i eit område som nå er kartlagd gjennom naturtypekartlegging. Det ligg i sin heilskap i eit område med nær truga naturtype «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra» av moderat kvalitet (NINFP2210101593). Like aust for sjølv bygget er det registrert truga naturtype «Kalkfattig og intermediær snøleie» (NINFP2210100474) av moderat kvalitet, denne er markert med omsynssone bevaring av naturmiljø H560_3. Det er gitt føresegn til omsynssonen i § 5.2.1 bokstav b) om at naturverdiane innanfor omsynssonen skal bevarast og takast omsyn til.

Med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdslé inn i eit vidare nesten urørd hei- og fjellområde og saman med føreslått gondol #2, ziplinetråse #13 og turveg TV9 opnar for

meir heilårsbruk, fremmer Statsforvaltaren med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 (revidert februar 2021) kap. 3.6 **motsegn** mot BAA7.

Turvegar

Det er regulert fleire turveggar i planområdet, som grønstruktur og turveg (sosikode 3031). Det er ei tredelt tilnærming til turvegstandard, der føresegn § 4.3.1 definerer desse slik:

- Turveg TV1-TV3 (i Velkomstområdet, nordre del av planområdet) skal opparbeidast med grus/fast dekke i minst 3 meters breidde og vere ålment tilgjengeleg.
- Turveg TV4 (nord i planområdet) og TV5 (aust for nedste skitrekke) kan nyttast som skiløype og skal vere ålment tilgjengeleg på vinterstid
- Turveg TV6-TV11 er trasear som kan leggest til rette som turveg for gåande og syklende i barmarksesongen og som skal sikre kanalisering av ferdslé gjennom områda.

Der turløyper TV6-TV11 ligg innanfor omsynssone naturmiljø skal inngrepssonen ifølgje føresegna haldast til eit minimum. Me har tidlegare påpeika at ordlyden i føresegn § 5.2.1, særleg bokstav b) er for vag, ved at det blir opna for tiltak i omsynssone for naturmiljø med naturtypar av stor verdi. For turveggar som krev mindre tilrettelegging kan det truleg vere ei ok tilnærming.



TV6 (frå Velkomstområde til BAA6/Djuvsbotn) og TV9 skal i følge føresegna kunne nyttast som beredskapsveg for eigna terrengkøyretøy. Som me har skreve ovanfor, har me **motsegn** til TV9 som går frå Djuvsbotn til Ramnafjellnuten grunna omsynet til naturverdiane og tilrettelegging for ferdsle og aktivitet opp til Ramnafjellnuten.

Når det gjeld TV7 og TV8 som begge går ut frå BAA6/Djuvsbotn på kvar si side av Botnanut stiller me spørsmål rundt avgrensinga av desse. Er det meint å vere ei rundløype? I så tilfelle vil tiltaket gå utanfor plangrensa, for slik planforslaget er fremma stoppar begge turvegane i plangrensa utan at dei er bunde i saman. I planskildringa s. 41 er det i figur 31 synt ei teikning av samanhengande ski-, tur og sykkelløyper gjennom planområdet. Dersom TV7 og TV8 skal planleggast for til dømes sykling rundt Botnanut, skjer det i eit område som ikkje er regulert og heller ikkje kartlagd for naturtypar. Me vil rå til at dette blir belyst og omtala i vidare planarbeid, og me har **fagleg råd** om å halde opparbeidinga av særleg TV7 som går i omsynssone H560_1 til eit minimum. Me syner elles til våre innspel under «Landbruksinteresse» om tilhøve turvegar og beitedyr.

Føresegnsområde – kryssing av vassdrag

Det er i forslag til føresegn 6.1 for ulike føresegnsområde tatt inn føresegn for #16-22 som opnar for at det kan etablerast/opprethaldast bru for kryssing av turvegar/køyreveg over vassdrag, kor #20 er omtala som eksisterande bru til Haugane. Det er sett krav om at bruer «*må dimensjonerast med omsyn til potensiell flaumfare, og slik at nye konstruksjonar ikkje medfører endring/oppstuing av vatn.*»

Tiltak som inneber inngrep i kantsone langs vassdrag er søknadspliktig og slik søknad skal sendast Statsforvaltaren i Rogaland. Tiltak som inneber fysiske tiltak i vassdrag som ikkje er anadrome vassdrag skal sendast til Rogaland fylkeskommune etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dette inneber at slike kryssingar av vassdrag og andre tiltak i nærleiken av vassdrag må behandlast spesifikt etter desse regelverka.

Me syner også til NVE sine innspel til desse områda for kryssing av vassdrag i deira uttale av 10.05.2023.

Myrareal

Det går fram av planskildringa og KU at om lag 76 dekar myrareal vil bli råka av utbygginga. Det er ikkje gjort dybdemålingar av myrarealet. Dei er synfart i samband med KU, men elles er det teke utgangspunkt i NIBIO sine kart over myrareal, og myrene er definert som «fattige jordvassmyrer» som ikkje er rekna som ein naturtype.

Ut i frå omsynet til myr, er det positivt at området for fritidsbustader kalla H1 i kommuneplanen blir teke ut og regulert til LNF-føremål. Dette området inneheld, som det kjem fram av kartutsnittet under, store areal med myr. Elles er det ein del myrareal i område H9 og i Velkomstområdet. Plan 2009002 Svandal gnr. 12, bnr. 6 inneber at ein del av myr-områda i Velkomstområdet allereie er vedtekne utbygd. Plan 2000007 gnr. 10, bnr. 1 Svandal i Djuvsbotn som allereie er godkjent og dels utbygd (kor det no blir opna for fortetting), har medført at ein del myrareal allereie er omdisponert til utbyggingsføremål.


I KU for Klima og naturmangfald er det følgjande omtale knytt til klimagassutslepp:

«Ved hjelp av Miljødirektoratets veileder for beregning av effekten til klimatiltak (Miljødirektoratet 2021b) er det beregnet hvor mye CO2-ekvivalenter dette tapet av myr vil tilsvare. Etter en periode på 20 år vil en endring av 76 daa myr til bebygget areal føre til utslipp av 4450,2 tonn CO2-ekvivalenter. Dette er den kombinerte effekten av tapt karbonlagringsevne på grunn av




arealbeslag. Regnskapet går ut ifra at øvrige myrflater vil være hydrologisk intakte etter utbygging og estimat på arealet er grovt, siden arealinformasjonen og avgrensning av myrer ikke er veldig nøyaktige. I tillegg eksisterer det noen mindre inngrep i noen områder allerede, mest grusveier. Dybde på myr blir ikke tatt med i beregningen i dette verktøyet og kun arealet blir brukt.

Denne beregningen kan ikke brukes som en fullstendig CO₂-regnskap, da det kun er tatt med myrflater, tresatte myrer og skoger er ikke med i beregningen og heller ikke alle andre klimagassutslipp under og etter utbyggingen. I tillegg er avgrensningene og arealestimatene nokså grove og dekker mest trolig ikke alt myrareal som blir berørt av utbyggingsplaner.»



H1 i nord med tilhørende myrareal



Myrareal i planområdet for planforslag 2021003

Bevaring av myrareal er viktig både av omsyn til naturmangfold og naturverdier, men også i eit klimaperspektiv og for klimatilpassing. Myr og våtmark dempar verknaden av flaum og tørke og inneheld store mengder karbon. Å bevare karbonrike areal er ei vinn-vinn-løysing. Etter ei heilskapleg vurdering, opp i mot at fleire av myrområda som skal byggast ut ligg inne i eksisterande reguleringsplanar og andre er omdisponert i gjeldande kommuneplan, samt at det myrrike området H1 no blir regulert til LNF-føremål, finn Statsforvaltaren å ha fagleg råd, og ikkje motsegn, om å sjå om det kan gjerast nokre mindre justeringar av utbyggingsområde, eller plassering av hytter der det skal skje ei fortetting, som i større grad tek i vare myrareal.

Me saknar at det blir gjort ei vurdering av massehandtering i området, jf. innspel nedanfor. Det er heller ikkje omtala kor vidt myrmassane skal skiftast ut eller forseglast i dei områda kor myrareal vil bli fysisk nedbygd. Ved omarbeiding av myrjord, aukar nedbrytinga av organisk materiale med påfølgjande utslepp av CO₂ og metan. Ved å sikre at myrmassane i minst mogleg grad blir greve opp, vil utsleppa bli redusert. Primært bør ein unngå å byggje på myr. Men dersom myrareal likevel blir omdisponert, må det vurderast tiltak som kan forsegle underliggende myrmassar med tettare mineraljord / leirjord. Me fremmer difor **fagleg råd** om at forsvarleg handtering av myrareal blir sikra i føresegnene ved eventuell disponering av myr som byggegrunn. Massane må handterast slik at CO₂/metan-lagra blir låst på best mogleg måte.

Landbruksinteresse

Det går fram av planforslaget at det blei vurdert til ikkje å vere trong for KU knytt til landbruket grunna at planavgrensinga er justert til ikkje å omfatte dyrka mark av vesentleg grad.



Statsforvaltaren ga i planforum den 21.09.2022 uttrykk for at landbruk og særleg beiteressursane måtte tas omsyn til. I planskildringa er det 2-3 avsnitt om landbruk i kap. 3.7 og 4.10. Det kjem fram at det er område innanfor planområdet som er nytta til beitedyr i sommarsesongen. Det inngår heile 3087 dekar LNF-føremål og friluftsføremål i planområdet, samt 50 dekar til turveggar for sommar- og/eller vinterløyper.

Moglege konsekvensar for aktiv beitebruk i eit område som skal utviklast i slikt omfang som planen legg opp til, inkludert tiltak som skal legges til rette for meir heilårsbruk som sykkel- og turløyper, synest noko dårleg utgreidd. Som eit avbøtande tiltak er omtalt at tilrettelegging for ferdsle på turveggar vil kanalisere ferdsla, og vidare at det i tillegg «vil vere mogleg å sette opp husdyrgjerde ved behov i samråd med grunneigarar», og at «skilting samt avtaler om opprydding er andre tiltak som kan vurderast vidare». I føresegnene til fritidsbustadene er det til dømes i § 4.1.4 bokstav k) og 4.1.12.6 bokstav j) sagt at det ikkje er tillate med inngjerding av kvar bygning/tomt, men at det kan setjast opp husdyrgjerde i samråd med grunneigar. For eksisterande hytteområde i Djuvsbotn er det i føresegn 4.1.3 bokstav h) presisert at området skal vere ope for beitedyr og vedhogst.

[Rettleiar H-2528 for fritidsbustader](#) utarbeidd av KDD i 2022 tar føre seg ein del problemstillingar kva gjeld tilhøve mellom fritidsbustader og beitedyr/landbruksnæringa. Me saknar at det i samband med saka er utarbeidd nokre kart over beiteområda/ressursane, tal på dyr som normalt beiter i området og kva dyreslag, om det er organisert beite gjennom beitelag og i kva grad desse interessa er involvert i forkant, eller spesifikt no i høringsperioden, for å sikre at landbruksinteressa er tilstrekkeleg ivaretatt. Er det nokre trekk-/transportruter til fjellbeite som blir råka? Er det nokre av dei turvegane som no skal etablerast for heilårsbruk/barmarks-sesongen som vil gå inn i viktige beiteområde? Me har **fagleg råd** om at det blir utarbeidd slik informasjon som grunnlag for vidare behandling av planforslaget og eventuelt gjere naudsynte justeringar. Det synest også litt uavklart kven som skal ta ansvar og utgiftene for oppsetting av gjerde for heile felt, jf. føresegn § 4.1.12.6 for felt BAA8-BAA21 og § 4.1.4 bokstav k) for felt FBF38-FBF61. Skulle gjerdeplikta ligge til kvar einskild fritidsbustad kunne det vore løyst med å tinglyse slik plikt på kvar eigedom. Når det er tale om eit større felt, bør det gjerne avklarast gjennom plan og til dømes vurdert om det var eit rekkefølgekrav om at det skal gjerast for heile feltet som del av utbygginga og ferdigstilling av uteområde mv.

Det har vore ein tradisjon i Sauda at reiseliv og hytter har gitt viktige tilleggsinntekter i landbruket, eksempelvis i form av utleiehytter og bygslingstomter. Mange av bruka har avgrensa ressursgrunnlag til tradisjonell landbruksdrift, då er slike ekstra inntekter særleg viktig. Dette kunne vore meir omtalt i plandokumentet.

Uttak av vatn – snøproduksjon

Det er i forslag til føresegn 6.1.4 bokstav j) vist til at føresegnsområde #15 og #25 «*omfattar vassdrag som kan nyttast til snøproduksjon til alpinanlegget.*» #15 er eit vatn heilt sør i planområdet, ved enden av skiheis #4, og #25 er Longa Tjødnå, like nord for der skiheis #6 og #7 møtest.

Slikt uttak av vatn til snøproduksjon skal avklarast med NVE som vassdragsmynde om krev konsesjon etter vassressurslova. Det kan ikkje gis slikt løyve i områdeplanen. Me syner til NVE si uttale av 10.05.2023 med motsegn til dette punktet.

Ras- og skred

Me har **fagleg råd** om at det burde vore gjort ei reell skredfarekartlegging i planområdet. Den vedlagte skredkartlegginga frå Sweco frå 2014 gjeld hytteområdet i Djuvsbotn. Av ROS-analysen går det fram kva datagrunnlag som er nytta i forbindelse med planarbeidet no. «*Det er utført farekartlegging i eksisterande hyttefelt i Djuvsbotn og for utbyggings-område på gnr/bnr 12/79. NGI har*



utarbeida aktsemdkart i den nedre delen av planområdet (ca frå Djuvsbotn og ned), medan NVE sine aktsemdkart dekker øvre del av planområdet. Aktsemdområde for snøskred dekker ein stor del av planområdet, og det er registrert snøskredhendingar i området.» Dette er igjen kommentert under kap. 6.4, og så kap. i 6.5 med følgjande forslag til tiltak og oppfølging:

- Bygging utanfor potensielle skredutsette område
- Aktsemdområde på plankart med tilhøyrande føresegner om at tryggleik må ivaretakast ved vidare planlegging/utføring
- Sikre forsvarleg drift av alpinanlegg (følgjer bransjekrav)

Like fullt er det i to område lagt byggeføremål i område med skredfare, mellom anna eit område i vest i den del av H9 som seinare skal detaljregulerast, samt i hyttefeltet på Djuvsbotn kor det blir opna for fortetting:

- I føresegn 5.1.4 bokstav a) blir det opna for oppføring av fritidsbustad i omsynssone H310_13 mot at denne må prosjekterast til å «*tole laster på 30 kPa*» og at det ikkje skal «*leggjast uteareal på oppsida av fritidsbustaden innafør fareområdet*», noko som kjem frå modellering i skredfarekartlegging i Djuvsbotn frå Sweco i 2014.
- Når det gjeld FBF54 som ligg dels i faresone H310_34, vil det måtte avklarast i vidare detaljregulering om det kan oppførast bygningar, jf. føresegn § 5.1.4 bokstav d):

«Før oppføring av bygningar innanfor omsynssone H310_34 må det i samband med detaljregulering (jf. punkt 3.1) dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot ras- og skred i samsvar med tryggleiksklasse S2 i TEK17 § 7-3.»

Me syner elles til NVE si uttale av 10.05.2023 om deira innspel kring skred og fareområde mv, kor også dei har fagleg råd om utgreiing av reel fare for skred i bratt terreng i planområdet..

ROS-analyse, teknisk infrastruktur (vatn, avløp, sløkkevatn, veg)

Det ligg som tidlegare nemnd som ei føring for Svandalområdet i kommuneplanen sin arealdel, at hyttene skal knytast til veg, vatn, avløp og fiber. Kommunen har sjølv vedteke at det før 2. gongsbehandling av planen «*skal foreligge gjennomførbare helhetlige løsninger for vann, avløp og slokkevann.*»

Me siterer følgjande frå kommunen sitt saksframlegg:

«Kommunedirektøren vurderer at en avklaring på tekniske løsninger for vann, avløp og slokkevann ikke kan utsettes til byggesak. VA-rammeplan til planforslaget skal vise avklarte løsninger for vannforsyning, både for drikkevann og slokkevann, for å sikre en gjennomførbare områdeplan. Det er gjennom planarbeid et område ses samlet på, og det kan sikres en helhetlig løsning. I forkant av byggesøknader skal det vises mer detaljerte løsninger som bygger opp under helhetlig løsning som er avklart i en områdeplan.

Forslag til VA-rammeplanen vurderes til å være mangelfull, da det blir pekt på flere usikkerhetsmoment knyttet til vannforsyning. Det er viktig å få avklart i planforslaget hvorvidt en kan ivareta kravet i pbl. §27-1 om forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann. Behovet for vannforsyning, og hvordan dette behovet kan dekkes fra ulike kilder skal fremgå av VA-rammeplan til reguleringsplan. Løsningene skal være tilstrekkelig avklart slik at de kan legges til grunn for byggesaksbehandling.»



Me er samd i kommunedirektøren si vurdering her. Med bakgrunn i at planforslaget ikkje har tilstrekkeleg avklart forhold rundt handtering av avløpsvatn og vassforsyning, korkje drikkevatn eller sløkkevatn, som alt er del av kritisk infrastruktur, har me **fagleg råd** om at dette blir gjort. Me viser til rettleiaren for fritidsbusetnad kap. 6.9.2 Vatn og avløp om avklaringar som må gjerast kring tilknytning til eksisterande avløpsleidningar og/eller etablering av lokale fellesløysingar eller framføring av kommunal leidningsnett. Her går til dømes fram at kommunen kan krevje tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidning om dette er bestemt i plan. Det er vist til Miljødirektoratet sin rettleiar «[Planlegge for vann og avløp i hytteområder](#)». Planlegging og dimensjonering av anlegg for å handtere avløpsvatn må dimensjonerast for å tole maksuke, det vil seie typisk vinterferie og påskeferie der det er maks belegg på hytter og utleigeiningar samt mange dagsbesøkande til skianlegg mv.

Me gjer merksam på at også NVE har gitt faglege råd knytt til avklaringar kring vasstilførsle. Elles legg me til grunn at også Mattilsynet og kommunelegen får planforslaget på høyring med omsyn på dette med drikkevatn.

Når det gjeld sløkkevatn, utrykkingstid og tilkomst for brannkøyretøy mv. må Brann- og redningsvesenet i Sauda få høve til å gje innspel og gjere naudsynte vurderingar opp i mot gjeldande regelverk.

Det er utarbeidd ein trafikkanalyse som har vore lagt fram for Rogaland fylkeskommune. Me meiner det tidlegare har vore tale om at det kan vere behov for nokre tiltak på fv. 4722 Svandalsvegen og krysset mellom fv. 4722 og fv. 520 Saudavegen som følgje av ei større utbygging. Me legg til grunn at samferdslestyresmaktene uttalar seg om forholda, sett i lys av at det no blir planlagd for fleire fritidsbustader enn det kommuneplanen legg opp til, og at Sauda kommune følgjer opp eventuelle innspel frå desse. Me minner om at Statens vegvesen er statleg sektormynde kring trafikktryggleik og legg til grunn at dei har blitt gitt høve til å uttala seg til planforslaget.

Overvatn

Kommunen har sjølv vedteke at det før 2. gongs-behandling av planen «*skal utarbeides et kunnskapsgrunnlag for overvann, og eventuelt plan for håndtering av overvann hvis det avdekkes behov.*»

Me syner til statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing kap. 4.3 om at det ved planlegging av nye utbyggingsområde skal vurderast korleis omsynet til eit endra klima kan tas i vare. Det går fram der at «*planer skal ta hensyn til behovet for åpne vannveier, overordnede blågrønne strukturer, og forsvarlig overvannshåndtering*». Me har **fagleg råd** om at avrenningslinjer og flaumvegar blir merka i plankartet som omsynssoner, og at det om naudsynt blir gjort justeringar i byggeføremål mv. som tek i vare omsynet til overvatn. Det står i same retningsline at «*Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysningar (slik som eksisterende våtmarker og naturlige bekker eller nye grønne tak og vegger, kunstige bekker og basseng mv.) bør vurderes. Dersom andre løysningar velges, skal det begrunnes hvorfor naturbaserte løysningar er valgt bort.*» Me har difor **fagleg råd** om at overvatn blir handtert med naturbaserte løysningar.

Massehandtering

Me saknar at det er laga ein plan for massehandtering i området. Ved så store tiltak som utbygginga her vil medføre, vil det vere naturleg at det blir sett på behovet for massehandtering og mellombelse rigg- og anleggsområde, samt på massebalansen og korleis eventuelle overskots-masser skal handterast som del av planarbeidet. Det er i føresegn § 4.1.1 a) sagt noko om plan/løysing for masseoverskot for arbeid på veg f_V37 og f_V38 og i føresegn § 7.1 b) at anleggsarbeid som skal medfører masseoverskot ikkje kan starta før det ligg føre «godkjent deponi for mottak av massane».



Me syner til [Regionalplan for massehandtering på Jæren](#), som vel og merke gjeld for åtte kommunar på Jæren, men som gir døme på tema som bør avklarast for større bygge- og anleggs-prosjekt. Sjå særleg kapittel 8 om retningsliner for massehandtering. Hovudprinsippa om å planlegge massehandteringa slik at mengda overskotsmasse blir redusert og ressurspyramiden sine prinsipp gjeld overalt. Korleis massar skal handterast både permanent og mellombels bør avklarast i plan slik at det ikkje blir mange påfølgande dispensasjonssaker for handtering av massar i tilgrensande område. Me ser at det er teke inn føresegn § 2.6.1 om å unngå forureining av vassdrag ved eventuelle massedeponi og anleggsområde. Ved å få avklart i plan kor det skal vere slike område for massehandtering, kan ein søke å unngå at desse kjem i nærleiken av vassdrag i sin heilskap. Trongen for eventuelt tilkøyrd massar kan og ha noko å bety for trafikkbilete. Me har **fagleg råd** om at det blir utarbeidd ein plan for massehandtering i området, som også omtalar korleis myrmassar skal handterast, jf. innspel under «Myr».

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Norges vassdrags- og energidirektorat

Rogaland fylkeskommune

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 5091 Majorstuen

Postboks 130

2605

0301

4001

LILLEHAMMER

Oslo

Stavanger